

# Bok på 1-2-3

## Pølsetjuven

Av Marianne Gretteberg Engedal


Tverrfagleg undervisningsopplegg for barnetrinnet 1.-4. i norsk, kunst og handverk og samfunnsfag. Momenta identitet og kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk bevisstheit, skaparglede, engasjement og utforskartrøng frå verdigrunlaget i opplæringa er vektlagde.

**Tid: 90 minutt**

Å lese og skrive teikneseriar er å arbeide med samansette tekstar. Illustrasjonane og den skriftlege teksten utfyller kvarandre. *Pølsetjuven* er ei god historie i teikneserieform.

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med nett og prosjektør. Finne fram boka.
- Utstyr til aktivitet: A4- eller A3-ark delt i tittel og fire ruter. Sjå mal: [https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/Mal4\\_stort.jpg](https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/Mal4_stort.jpg)
- Ein god blyant, fargestiftar og viskelêr til kvar elev. Kan bruke svart tusj penn/tusj for å tusje over blyantstrekane til slutt.
- Inspirasjon frå Øystein Runde: [https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/lag\\_seriar.html](https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/lag_seriar.html)



### Formål etter læreplanen frå 2020

#### Norsk

- lese og lytte til fortellingar og tekstar på nynorsk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven
- bruke lesestrategiar målretta for å lære
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, rørsle og andre kreative uttrykk
- kombinere ulike uttrykksformer i samansette tekstar
- utforske forskjellar og likskap mellom skrivning på hovudmål og sidemål

#### Kunst og handverk

- teikne form og djupne ved bruk av verkemiddel som overlapping og forminsking


#### Samfunnsfag

utforske og presentere samfunnsfaglege spørsmål, søkje etter informasjon i ulike kjelder og vurdere kor nyttig informasjonen er til å belyse spørsmåla samtale om identitet, mangfald og fellesskap og reflektere over korleis det kan opplevast ikkje å vere ein del av fellesskapet

# 1 Før lesing

(5 minutt)

- Sjå på framsida. Kva er tittelen på boka? Kva trur du ho handlar om?
- Korleis ser guten på biletet ut? Korleis ser ansiktet ut?
- Forklar at dette er ei teikneseriebok. Ein teikneserie er teikna historier eller situasjonar, ei rekke illustrasjonar presenterte i samanheng. Visuelt har teikneseriane mykje til felles med målekunst, vitseteikning og karikaturar. Forteljarstilen ligg nærmare litteratur og film. Teikneserie er ikkje ein eigen sjanger, men ei eiga kunstform. I Frankrike vert teikneserien kalla «den niande kunstart» (snl.no: tegneserier).



# 2 Lesing

(15 minutt)

- Les boka for klassen, og vis ho samstundes på smarttavle. Ta dykk god tid til å sjå på detaljane i bilete og tekst.



# 3 Etter lesinga

(10 minutt)



Kjell på veg mot skogen.  
(Utsnitt frå boka)

Snakk saman:

- Kva yrke har familien til Kjell?
- Kva meiner Kjell om at familien stel, og kva gjer han med det?
- Kven er Pølse-Per?
- Kva krev familien av Kjell? Korleis reagerer Kjell? Kva skjer så?
- Kva skjer i skogen? Kva gode råd og livsvisdom får Kjell frå dei han møter i skogen?
- Kva gjer Kjell om natta?
- Kva skjer når Kjell møter familien sin att?
- Kvifor er det skjelvande tekst når bestefar til Kjell snakkar?
- Kvifor blir Kjell først trist og redd, så glad og trygg?
- Kjell får ein god idé. Kva er det?
- Kjende de att nokon kjende kunstverk i boka?

## Døme på kjende kunstverk i Pølsetjuven

- Elg i solnedgang (her i form av pølse i solnedgang)
- Mona Lisa av da Vinci
- Madonna av Munch
- Skrik av Munch

# 4 Lag ein teikneserie: Det er den draumen (45 minutt)

I *Pølsetjuven* er det mange som drøymmer om å verte noko anna enn det dei er. Lag ein teikneserie om ein person, eit dyr eller ein fantasi-skapning som drøymmer om noko. Det kan vere ein brannmann som drøymmer om å danse ballett, ein dinosaur som drøymmer om å selje iskrem, ei mus som heller vil ete sushi enn å ete ost, eller noko heilt anna. Berre fantasien set grenser. Teikneserien skal vere på éi side, med fire ruter.

Før elevane byrjar å teikne, må dei ha tenkt ut

- kven teikneserien deira skal handle om
- korleis han/ho/det skal sjå ut
- kva han/ho/det drøymmer om
- kvifor han/ho/det drøymmer om det

Bruk gjerne ei form der hovudpersonen fyrst seier kven han er, deretter kva han drøymmer om, og til slutt kvifor. Til dømes slik:

Rute 1: Eg er den tøffaste dinosauren som finst.

Rute 2: Men det eg verkeleg drøymmer om ...

Rute 3: ... er å selje is.

Rute 4: For då kan eg kalle isen for Tyrannosaurus.

Før de byrjar arbeidet, kan klassen gjerne sjå på teikneserien «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di» i lag. Der kan de i hovudsak sjå på det som handlar om utsnitt (nærbilete osv.).



Utsnitt frå boka.



# 4

## Lag ein teikneserie

(døme på teikneserie, laga av Liv, 8 år)

# SIRKUS

DRAUM  
LAGA AV LIV

